



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tormod Meisingset, 71 25 84 04

Høyring av søknad - konsesjon og ekspropriasjon i høve opprusting og utviding av Aura kraftverk i Sunndal kommune, Møre og Romsdal - motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Statkraft Energi AS søker om løyve til å oppgradere Aura kraftverk i Sunndal kommune ved å bygge Aura II kraftverk og Holbu pumpe. Produksjonen i dagens Aura kraftverk og Osbu kraftverk skal leggjast ned, og det vert samstundes søkt om å rive Osbu kraftverk, samt å leggje ned elektrisk anlegg som inngår i anleggskonsesjon for dagens Aura kraftverk og Osbu kraftverk.

Aura II kraftverk skal byggjast i fjell og vil erstatte dagens Aura kraftverk og Osbu kraftverk. Kraftverket får nytt inntak i Osbumagasinet, ein tilløpstunnel parallelt med dagens tilløpstunnel og nytt utløp til Sunndalsfjorden. Holbu pumpe vert bygd i fjell med inntak i dagens tilløpstunnel og utløp til ny tilløpstunnel for Aura II kraftverk. Pumpestasjonen vil overføre vatn frå Holbuvatnet, Reinvasseleva og Langdøla opp til Osbumagasinet. Tiltaket vil gi ein auka effekt på ca. 500 MW, til 804 MW. Den årlege produksjonen er berekna til å auke med ca. 137 GWh, til 2124 GWh. Det er ikkje planlagt nye magasinreguleringar eller overføringar av vatn som ikkje allereie vert utnytta i dag. Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 12 og energilova § 3-1.

NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør verte gjennomført, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Dei ber høyringspartane om grunngjeve forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføring av prosjektet. I tillegg ønskjer NVE kommentarar til om søknaden gjev tilstrekkelege opplysningar om tiltakets verknader.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vert spesifikt bedd om å gjere ein konkret vurdering av om tiltaket treng løyve etter forureiningslova for både anleggsfasen og driftsfasen.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Generelt

Høyringsfristen var opprinneleg 12.01.2026, men etter avtale med NVE fekk Statsforvaltaren i Møre og Romsdal forlenga frist til uttale 13.02.2026. Det sette vi stor pris på.

Føringar for miljøforvaltninga sin motsegnspraksis i plansaker etter plan- og bygningsloven er fastsett i rundskriv T-2/16. Vi legg føringane i dette rundskrivet til grunn for våre faglege vurderingar også i denne saka sjølv om saka ikkje går etter plan- og bygningsloven.

Det er snakk om eit omfattande prosjekt med dertil store mengder informasjon i form av fagrapportar og utgreiingar. Gjennomgåande er vi godt nøgd med kunnskapsgrunnlaget som er lagt fram. Bruk av bilete og kart gjer det oversikteleg å sette seg inn i kor tiltaka er tenkt plassert og moglege konsekvensar av desse.

I det store har Statsforvaltaren konsentrert vår uttale til villrein, vassdrag, anadrom laksefisk, sensitive artar og naturmangfald. Generelt saknar vi meir fokus på konkrete, avbøtande og restaurerande tiltak for dei inngrep som er belyst. Spesielt for villrein er dei mest kritiske tiltaka vage. Konsekvensane for vassdrag og anadrom laksefisk meiner vi er for dårleg utgreidd og underkommunisert. At feltundersøkingar for fugl er knytt til kunn ein sesong, er ein svakheit då naturlege variasjonar ikkje vert fanga opp.

Statsforvaltaren vil ut ifrå rundskriv T-2/16 fremje motsegn til at konsekvensane for vassdrag og anadrom laksefisk er for dårleg utgreidd. Vi har også motsegn fram til det er stilt vilkår om etablering av trekkorridor for villrein mellom Osbuvatnet og Holbuvatnet, samt at alle bygningar og funksjonar vert reve. Det må også settast vilkår om tilbakeføring og stenging/fjerning av vegar jf. våre merknadar. Med både gjennomføring av damsikring ved Reinsvatn og Aura II-prosjektet, medfører dette potensielt 8-9 år med samanhengande anleggsarbeid i fjellområda. Ein så lang periode med anleggsarbeid og forstyrringar kan få uheldige effektar for villrein og rovfugl i området. Difor må anleggsperioden samordnast slik at arbeidet kan gjennomførast på 4-5 år, alternativt at NVE pålegg Statkraft å senke vasstand i Reinsvatnet.

Natur- og miljøvern

Vassdrag og anadrom fisk

Auravassdraget

Auravassdraget har fått nedbørfeltet redusert frå 1085 km² til 316 km² etter tre kraftutbyggingar. Dette har fått alvorlege konsekvensar mellom anna for laksebestanden i vassdraget, som er vurdert til å ha svært dårleg tilstand og storleiken på laksen er mykje redusert. Utsettingspålegget er på heile 50.000 laksesmolt. Dei siste åra har vi fått meir kunnskap om elvemusling i vassdraget, som har ein påvist bestand i Eira (NINA-rapport 2076). Denne har dårleg tilstand.

Eira har problem med pakking av substrat og låg ungfiskproduksjon på grunn av færre flaumar, medan reguleringa i størst grad har redusert Aura sin funksjon som lakseelv. I dag har elva berre ein viss lakseproduksjon på dei nedste 2 av 12 km.

I revisjonssaka for Auravassdraget (2021) er det eit mål at Aura skal bli lakseførande opp og forbi Litlevatnet (4 km opp), sjølv utan minstevassføring. Nedstraums Litlevatnet er det bratte parti med

steinblokker der laksen ikkje kjem seg forbi, med unntak av når det er flaum. Det er foreslått miljødesigntiltak (fisketrapper og djupålar) for å få laks til å kome seg opp og bruka områda ovanfor, jf. revisjonsdokument, samt NINA-rapport 275. Hausten 2022 og 2023 var det overløp frå Aursjøen, og NINA dokumenterte laks ovanfor Litlevatnet og ved Finnset under gytefiskteljing hausten 2022 (NINA-rapport 2262). Når det ikkje vart minstevassføring i revisjonssaka er truleg overløp frå Aursjøen ein svært viktig faktor, saman med miljødesigntiltak, for at laks skal ta i bruk områda i og ved Litlevatnet. Oppvandringsaktivitet for laks er sterkt knytt til flaum i elver med lita vassføring.

Søknaden (s. 64) viser til at omsøkt ombygging i snitt vil redusere overløp frå Aursjøen med rundt 36 %. Vi meiner det er mangelfullt utgreidd korleis dette vil påverke dynamikken i vassdraget, både knytt til fiskevandring (særleg Aura), problem med sedimentering/pakking av habitat for fisk og botndyr (både Eira og Aura), og andre artar og naturtypar i og langs vassdraget, særleg flaummarkskog.

Miljømålet for Aura nedre del (opp til Litlevatnet) er godt økologisk potensial, som ikkje er nådd i dag. Det er behov for tiltak for at målet skal bli nådd. Statkraft har fått pålegg om å lage tiltaksplan for heile anadrom del av Auravassdraget etter miljødesignmetodikk, for å vurdere ytterlegare avbøtande tiltak for å auke produksjonen av laks og sjøaure.

Nye tiltak som forringar eller hindrar ein vassførekomst å nå miljømålet, må vurderast etter vassforskrifta § 12. Relevante avbøtande tiltak må vurderast for at eit slikt tiltak kan gjennomførast. I dette tilfellet vil sesongtilpassa vasslepp som harmonerer med dei planlagde miljødesigntiltaka vere eit effektivt avbøtande tiltak for laksen. Klimapåslaget er også eit argument for dette. Det bør òg drøftast om eit elvekraftverk nedstraums Aursjøen kan vere ei anna løysing for å nå miljømålet.

I Aura nedre del er det kartlagt flaummarkskog av svært høg verdi ved Sløholmen. Langs Aura finn vi òg gråor-almeskog som veks på elvesediment.

Litledalselva

Litledalselva har sterkt redusert vassføring som følge av Aura-utbygginga. Det største bidraget til dagens vassføring er lekkasjer fra dammen i Dalavatnet samt bidrag fra to oppkommer 5 km ovenfor munningen. *G. salaris* vart påvist i 1980. Bestandsstatus for sjøaure er i dag vurdert til dårleg, men gytegroppregistreringar utført av Fylkesmannen/Statsforvaltaren har vist opp til 800 gytegroper fordelt på den 10 kilometer lange strekninga rundt år 2000. Dei siste åra er dette redusert til 150-450 groper.

Det er påvist at sjøaurebestanden er genetisk forskjellig frå bestandane i naboelva Driva (NINA-rapport 824).

Bekjemping av *G. salaris* i Litledalselva vart avslutta i 2023, og laksebestanden skal no byggjast opp igjen, i tillegg til forsterking av sjøaurebestanden. Dette vil krevje nok vatn og holrom i botnsubstrat som ikkje er pakka av finstoff som følgje av manglande flaumar. Færre flaumar vil også kunne påverke eventuelle naturtypar langs vassdraget, men det er ikkje registrert slike langs Litledalselva pr. i dag.

Vi meiner det ikkje er godt nok utgreidd korleis flytting av kraftverksutløp til sjø vil påverke oppvandring av laksefisk til Litledalselva, og økologiske funksjonar i elvedeltaet som del av nasjonal laksefjord. I ei elv med redusert vassføring har truleg høg vassføring i utløpet hatt betydning.

*Innlandsfisk**Holbuvatnet, Osbumagasinet og Reinsvatnet*

Plana er at Holbu pumpe skal overføre vatn frå Holbuvatnet, Reinvasseelva og Langdalseelva til Osbumagasinet. Dette vil innebære vasstandsendringar, endring i vassvegar/tunnelar, som vil endre leveområde, gyte- og oppvekstområde for innlandsfisk. Konsekvensutgreiinga viser til at det i Holbuvatnet vil bli vasstand ned mot LRV på vinteren, og at dette er vurdert til å ha alvorleg negativ konsekvens for vassførekomsten.

Fiskeutsettingar (aure) i Holbuvatnet er tidlegare avslutta, medan det framleis er pålegg om fiskeutsetting i Osbumagasinet og Reinsvatnet. Det gjennomførte prøvefisket viste at settefisk hadde låg overleving, og at andel villfisk går opp. Senking av Holbuvatnet og Osbumagasinet kan redusere tilgangen på gytebekkar, medan det er vurdert ubetydeleg endring for Reinsvatnet. Det er eit mål å ha aurebestandar som kan klare seg utan fiskeutsettingar i framtida. Kartlegging og tiltak i gytebekkar er foreslått som avbøtande tiltak. Statsforvaltaren er usikker på potensialet for avbøtande tiltak i gytebekkar i området, og om det realistisk at dette kan vege opp for negative effektar ved utbygginga, jf. vassforskrifta § 12. Redusert senking av Holbuvatnet vil kunne avgrense konsekvensane for vassmiljøet, og samtidig gi noko meir overløp til Dalavatnet og Litledalseelva. Vi vil sterkt anbefale at dette blir vurdert.

Røye og harr vart også registrert under prøvefisket. Røye er ofte ein av artane som vert mest råka av reguleringseffektar, sidan den både gyt og har næringssøk i strandsona, og avbøtande tiltak må også vurderast for denne arten. Harr er, som nemnt i KU, utilsikta blitt overført frå Aursjøen gjennom overføringstunnelen.

Reinvasseelva

Bekkeinntaket er foreslått flytta frå kote 799 til 855. Redusert vassføring mellom bekeinntaka vil forringe vassførekomsten på denne strekninga, men ikkje resten av vassførekomsten. KU har vurdert at vassførekomsten og funksjonsområde blir noko forringa.

Tiltaket vil omfatte fleire vassførekomstar som vi ikkje går i detalj på her, sidan utbygginga er vurdert til å ha ubetydeleg konsekvens, og vi ikkje har særskilte opplysningar. Vi minner om at miljømåla gjeld for alle vassførekomstar, og § 12 i vassforskrifta gjeld for alle vassførekomstar som bli forringa, eller som er i fare for å ikkje nå miljømålet.

*Sensitive artar**Vandre-/jaktfalk*

Vi er samd i at tiltak som planlagt vil gjere det umogleg for vandre-/jaktfalk å gå til hekking i nærleiken av anleggsområde som skildra i «rapporten» i anleggsperioden. For lokaliteten med vandrefalk/jaktfalk ble det sist registrert aktivitet på hekkelokaliteten i 2014. Vi viser til at det sidan er registrert jaktfalk i nærleiken til omtalt lokalitet, sist i 2017, sjå [Artsobservasjoner Mobil - Detaljert funninformasjon](#).

Kongeørn

Vår vurdering er tilsvarande for lokalitetane for kongeørn. Det vil etter vår vurdering vere umogleg å gjere avbøtande tiltak som kan sikre tilstrekkeleg ro i anleggsperioden for dei aktuelle lokalitetane.

Moglege avbøtande tiltak

I og med at det vurderast som umogleg for vandrefalk/jaktfalk og kongeørn å etablere seg på lokalitetane NAT SA 01 – 03, vil det vere fordelaktig at disse lokalitetane ikkje nyttast ved oppstart av anleggsperioden. Oppstart er planlagt tidlegast 1. juni første driftsår, med omsyn til villrein i

området. Føreslege avbøtande tiltak er utsjekk av lokalitetane før oppstart av anleggsarbeidet. Statsforvaltaren legg til grunn at det er meir hensiktsmessig at det blir gjennomført overvaking/forstyrning forut for oppstart av hekkesesong slik at rovfuglane ikkje går til hekking på kjent lokalitet. Dette vil føre til at lokaliteten ikkje nyttast og at anleggsarbeidet ikkje avbryt oppstarta hekkforsøk.

Villrein

NVE er kjend med regjeringa sin [Tiltaksplan for Snøhetta villreinområde - regjeringen.no](#). Gjenoppretting av eit funksjonelt trekk mellom Snøhetta aust og vest er av dei aller viktigaste områdevisse tiltakspakkene i planen. Kraftutbygging har skapt sterke direkte vandringshinder, og lagt til rette for hytteutbygging, vegtrafikk og reiseliv, med dei indirekte følgjene det har for trekka.

Alvoret for villreinstamma, dokumentert gjennom [Kvalitetsnorm for villrein | Villrein](#), tilseier at NVE tar eit stort ansvar for å følgje opp siktemåla i tiltaksplanen. Vidare må Statkraft legge stor vekt på å bøte på ulempene skapt av deira kraftproduksjon. NVE må difor i si vurdering av konsesjonssøknaden ikkje berre sjå på avbøtande tiltak knytt til den konkrete utbygginga som no er aktuell, men spørje etter, og ev. stille vilkår om, tiltak som kan verke restaurerende ut over dette. Når det først er menneskap, maskiner og massar tilgjengeleg i området, bør ein vurdere korleis ein kan utnytte dette anten for å spare kostnader for planlagde tiltak i tiltaksplanen, eller gjennomføre tiltak som elles ikkje er rekningsssvarande, og for den del ikkje er fanga opp av tiltaksplanarbeidet.

Konsekvensutgreiinga er lite ambisiøs og uttømmende på avbøtande og restaurerende tiltak. Av tiltak som ikkje er knytt til anleggsgjennomføringa er nemnt terrengtilpassingar nedstraums Osbudammen, og å fjerne fleire fysiske inngrep, utan at desse er konkretisert. I tillegg kjem å legge drifts- og vedlikehaldsoperasjonar til minst sårbare periodar for villrein.

Det må vere eit klart mål at opprusting og utviding av Aura kraftverk, samt restaurerende tiltak ut over det, bidrar til at forholda for villrein i området blir vesentleg betre enn i dag når utbygginga er ferdig. Etter vår vurdering bør NVE difor stille krav om at detaljplanen greier ut langt meir ambisiøse avbøtande og restaurerende tiltak enn dei Statkraft siktast mot i søknadsdokumenta.

Området ved Osbudammen er vist som trekkområde i Naturbase, men fungerer ikkje i dag. Det må difor stillast vilkår som sikrar at tilgjengelege massar frå planlagt deponi i Holbuvatnet blir brukt til å etablere ein tilstrekkeleg brei trekkorridor, og at denne blir utforma og stelt til på ein måte som legg til rette for villreintrekk. Prosjekteringa må gjerast av sterk villreinfagleg kompetanse. Vidare vil vi understreke at alt av bygg/funksjonar mellom Osvatnet og Holbuvatnet som ikkje er strengt nødvendig for framtidig drift av anlegget må fjernast/flyttast. Kunnskapsgrunnlaget og rammene for tiltaka må vere grundig gjort greie for i detaljplanen.

Statsforvaltaren føreset at alt av anleggsvegar brukt og opprusta i utbygginga blir tilbakeført til ein minimumsstandard, og at alle lommer og avkøyringar blir fjerna og stengt for å avgrense camping langs vegane. Vegar som ikkje er nødvendige for drift etter anleggsperioden må fjernast. Ut over dette må detaljplanen vurdere fjerning/stenging av øvrige vegar i området, og korleis Statkraft elles kan bidra til å fjerne og stenge lommer og avkøyringar på vegar som skal oppretthaldast, i samsvar med tiltaksplanen. NVE bør revidere konsesjonsvilkår om allmenn ferdsel med bil på underordna anleggsvegar.

Statsforvaltaren har ikkje føresetnader for å vurdere konkret kva handlingsrom utbygginga gir for å fjerne eller legge i kabel luftleidningar i utbyggingsområdet, og tilsvarande for tilførselsleidningar. Ein samla plan for dette bør også inngå i detaljplanlegginga.

Når det gjeld anleggsperioden bør det stillast meir absolutte krav til å ikkje gjennomføre anleggsarbeid i kalvingsperioden for villrein enn det som er omtala i søknaden.

Som del av utbygginga er det planlagt ein mellombels anleggsveg inn Gaudalen, for å frakte inn boreutstyr via eit tverrslag inn i fjellet. Det er også planlagt eit massedeponi. Området ligg innanfor leveområdet for villrein. Ut over ulemper i anleggsperioden vil negative verknader for villrein i hovudsak vere knytt til om tiltaket gir betre tilkomst og meir ferdsel i Gaudalen. Sjølv om mellombels anleggsveg blir fjerna, kan inngrepet legge til rette for auka ferdsel viss terrenget i traséen blir meir bærestærkt som følge av komprimering og endra hydrologi. Auka tilgjenge i anleggsperioden kan også etablere nye friluftslivsmønster som kan henge att sjølv om vegen blir fjerna. Vi vil difor rå til at NVE vurderer andre løysingar.

Oppsummert er det ei rad element som må avklarast i detaljplanen knytt til villrein. Vi ser det som avgjerande at NVE gir tydelege føringar for kva detaljplanen skal omfatte, og kva krav detaljplanen må innfri for at Statkraft skal kunne bygge ut Aura II.

Statkraft ønskjer å samordne anleggsperioden for sikring av dam Reinsvatn med utbygginga av Aura II, jf. deira brev 20.11.2025 og 15.12.2025. Dette er lagt inn som eit viktig avbøtande tiltak i konsekvensutgreiinga, og er i samsvar med tiltaksplanen for villrein. Vi har også registrert at NVE i brev 26.01.2026 varslar Statkraft om pålegg om å senke vasstanden i Reinsvatnet med minimum 1 meter fram til dammen er ferdig rehabilitert. Statsforvaltaren har ikkje føresetnader for å vurdere behovet for rehabilitering, men ser eit klart behov for å redusere den samla belastninga på villreinstamma i området, jf. også naturmangfaldlova (nml.) § 10.

Vi vil difor primært rå til at Statkraft får utsett frist for sikring av dammen. I lys av tida som har gått sidan behovet for rehabilitering vart avklart, og usikkerheit knytt til framdrift for Aura II, har vi likevel forståing for om NVE ikkje ser det som ei aktuell løysing. I så fall vil vi rå til at NVE, uavhengig av Statkraft si tilbakemelding på varselet, pålegg dei å senke vasstanden i dam Reinsvatn til vilkåra og framdrifta for utbygging av Aura II er fastlagt og endeleg avklart.

NVE er som konsesjonsmyndigheit ansvarleg for å gjennomføre ei vurdering av vedtaket sine verknader for naturmangfald i samsvar med prinsippa i nml. §§ 8-12, jf. § 7. Vurderinga skal gå fram av vedtaket. Dette inneber at NVE må gjere sjølvstendige vurderingar av m.a. kunnskapsgrunnlag, samla belastning og kva vekt føre var-prinsippet skal ha. Vår hovudinnvending til konsekvensutgreiinga knytt til villrein er at den burde gi ei meir detaljert og konkret vurdering av dei faktiske ulempene knytt til utbygginga, inkludert samla belastning, og potensialet for å betre forholda. Dette er minst like viktig som å lande på «rett» konsekvensgrad.

Forureining

Statsforvaltaren si vurdering er at det trengs løyve etter forureiningslova i anleggsfase for sprenging av tunellar, massedeponi, utfylling i vatn og tiltak i sjø. Desse tiltaka kan gjerne søkast om tematisk, og ikkje for kvart einskild tiltak. Det kan godt avtalast eit formøte mellom utbyggar og Statsforvaltaren slik at ei har felles forståing om kva søknadane bør innehalde.

Vi vurderer ut i frå tilsendt materiale og prosjektets eigenart, at det ikkje er behov for løyve i driftsfase.

Konklusjon

Villrein

Av omsyn til villrein har Statsforvaltaren ut i frå det ovanståande **motsegn** til at NVE gir konsesjon til utbygging av Aura II utan vilkår som sikrar tilrettelegging av ein funksjonell trekkorridor for villrein mellom Osbuvatnet og Holbuvatnet, inkludert fjerning av bygg og funksjonar i området. Vidare at vegar blir tilbakeført og fjerna/stengt i samsvar med våre merknader, og at anleggsperiode for opprusting av dam Reinsvatn og utbygging av Aura II blir samordna, om nødvendig med pålegg om å senke vasstanden i Reinsvatnet.

Vassdrag og anadrom fisk

Vi reagerer på at både Auravassdraget og Litledalselva får ubetydeleg konsekvens i KU, sjølv om det sannsynlegvis blir færre overløp og flaumar i vassdraga. Konsekvensar er ikkje utgreidd. Flaumar er viktig for dynamikken i vassdraga. Det har òg betyding for oppvandring av laksefisk, særleg i Auravassdraget der det i dag er kunstig vandringshinder nedanfor Litlevatnet på grunn av reguleringa. Det er påvist at laks kan gå opp når det er overløp frå Aursjøen. Flaumar har òg betyding for naturtypar langs vassdraget, som flaummarkskog. Lokaltetar med svært stor verdi er registrert i Auravassdraget.

For Litledalselva ser elva sin betyding for anadrom laksefisk ut til å være undervurdert i KU. Laksebestanden er under reetablering på grunn av *G. salaris*, og gytegroppregistreringar viser at det også i dag er fleire hundre gytegroper på den 10 km lange anadrome strekninga, hovudsakleg av sjøaure. Situasjonen i Litledalselva kan ikkje forverrast om miljømål skal bli nådd. Færre flaumar og flytting av utløp kan få negative konsekvensar.

Situasjonen i Auravassdraget må forbeistrast for å nå miljømåla, i samsvar med pålegg gitt av Miljødirektoratet. Planlagt utbygging vil truleg forverre situasjonen, og vi vil be om at tiltak som sesongtilpassa vassføring, nytt elvekraftverk og flaumar blir vurdert som avbøtande tiltak, jf. vassforskrifta § 12.

Dersom det i neste omgang er planar om å effektivisere bekkeinntak i takrenna, slik at vasstapet blir mindre, vil dette forsterke den negative situasjonen ytterlegare.

Både i Litledalselva og Auravassdraget vert det gjort omfattande arbeid for å betre vilkåra for anadrom laksefisk. Ein særskild faktor er at vassdraga treng meir vatn. Vi har **motsegn** fram til konsekvensane for anadrom laksefisk, gjennom reduksjon i vassføring og flytting av utløp, er betre utgreidd og avbøtande tiltak vurdert.

Sensitive artar

Statsforvaltaren anbefalar at det blir gjennomført overvaking/forstyrning forut for oppstart av hekkesesong, slik at rovfuglane ikkje går til hekking på kjent lokalitet. Dette vil føre til at lokaliteten ikkje nyttast og at anleggsarbeidet ikkje avbryt oppstarta hekkeforsøk.

Natur og landbruk

Statsforvaltaren rår til at ein finn ein annan lokalitet enn Gaudalen til tverrslag og massedeponi. Dette for å hindre inngrep i urørt natur og moglegvis bidra til auka ferdsel inn i leveområde for villrein.

Med bakgrunn i nasjonal jordvernstrategi og regionalt jordvernmål rår vi til at prosjektet avgrensar bruken av dyrka mark for midlertidig riggområde på Reittrø til eit absolutt minimum, og med krav om å ivareta matjorda og tilbakeføring ved anleggsslutt.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Ulf Lucasen
underdirektør plan og klima

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Villrein:	Bjarne Otnes
Vassdrag:	Geir Moen
Sensitive artar:	Edvard Emblem Lund
Forureining:	Thomas Aurdal

Kopi til:

SUNNDAL KOMMUNE	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
MOLDE KOMMUNE	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde